

## **Styremøte i Hordaland Folkemusikklag tysdag 07.02.2023 kl. 18.00**

Til stades i Falsens veg 36: Per Øyvind Tveiten, Åslaug Timenes Bell og Ingrid Sørheim.

1. Gjennomgang av referat frå førre styremøte.
2. Status Hordakappleik på Voss 18.02.23 og jubileumsmiddag
  - Voss har kontroll og arrangementet er i gode hender.
  - HFL skal kanskje bidra med programleiing.
  - Det er låg påmelding til jubileumsmiddagen – det kan henda me bør avlysa. Me tek ein ringerunde og spør om dei inviterte kjem. Minstetal for gjennomføring er 15 personar. Frist: 10. feb.
  - Dommarmøte: kl. 09:30 laurdag 18. feb.
3. Innkomne søknadar om stønad, rapportar og løyvingar
  - Det har kome inn to søknadar:  
Voss spelemannslag søker om kr. 10 000,- til Hordakappleiken - løyvt  
Hardanger Spelemannslag søker om kr. 15 000,- til 70-årsfeiring for Knut Hamre – HFL løyer kr. 10 000,-.
  - Merknad: tidlegare søknad frå Alexander Røynstrand til plateutgjeving får utbetalt 2/3 av løyving, og det resterande beløpet blir betalt ut når prosjektet er fullført.
  - Elles er alle løyvingar er oppgjort frå 2022.
4. Arbeidsbudsjett 2023
  - Kasserar tok ein gjennomgang av arbeidsbudsjettet for 2023.
  - Merknad: som bedrift har me bankutgifter som kanskje er unødvendige.
  - Me har fått kundeutbytte frå Fana Sparebank.
5. Saker på årsmøtet
  - Skal HFL gje fast tilskot til Hordakappleiken? Slik unngår me at arrangøren må bruka tid på å søkja kvart år. Kva skal i så fall ramma vera på beløpet?
  - Budsjettfordeling – styret ynskjer å sørge for at tilskotsløyvingane vert meir jamt fordelt utover året, slik at ein ikkje sit att med «tom kasse» til søknadane som kjem inn på hausten. Med grunnlag i retningslinjene har me forslag om å laga ei liste på kva for tiltak som skal prioriterast i tildelingane. Til dømes skal tiltak retta mot born og unge prioriterast.
  - Fastsettjing av kontingent – vurdera behov for lagskontingent.
  - Vurdera retningslinjer til Hordakappleiken - skulle dei vore oppdaterte?

- Valnemda: styremedlemene har kome «skeivt ut» med tanke på kven som er på val. Dette skal rettast opp i ved at den eine neste styremedlemen vert valt for 1 år og den andre styremedlemen vert valt for 2 år.
- Årsmøte i Granvin 12. mars kl. 11.00. Det blir anten i ungdomshuset eller på Jaunsen gjestgjevarstad.

## 6. Andre drøftingar/saker

- Intet at melde

Møtet slutt kl. 20:55.